

## **SAK 69/21 HANDLINGSPROGRAM - STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL**

### **Saksopplysing:**

Strategisk plan Hallingdal var handsama på Hallingtinget 18. juni 2021. Eit fleirtal av representantane meinte at handlingsprogrammet i Strategisk plan, slik det låg føre då, var så omfattande og inngrøpende i den kommunale drifta at det måtte utsettast til neste Hallingting. Hallingtinget fatta derfor slikt vedtak:

1. *Hallingtinget vedtek Strategisk plan for Hallingdal med resultatmål, inkludert vedtekne endringar og tillegg. Behandlinga av handlingsprogrammet blir utsett til neste Hallingting.*
2. *Regionrådet får mandat til å vedta enkeltpunkt i handlingsprogrammet som det hastar med, anten fordi handlinga/tiltaket er i gang eller fordi den må inn i budsjett 2022.*
3. *Heile Strategisk plan for Hallingdal med handlingsprogram blir endeleg vedteke på neste Hallingting.*

I denne saka skal regionrådet gje siste vurdering av planen før den blir lagt fram for Hallingtinget i oktober 2021.

### **Vurdering:**

Vedlagt ligg oppdatert utkast til Strategisk plan for Hallingdal med handlingsprogram. Vedtaka frå både Hallingtinget i juni og Regionrådsmøte i august er med. Administrasjonen si vurdering er at planen gir god retning for vidare utvikling av Hallingdal, men den skulle gjerne være endå spissare og meir forpliktande på nokre område

### **Forslag til vedtak**

Saka bli lagt fram utan tilråding.

.Om Regionrådet ønskjer justeringar på innhaldet, blir dette innarbveid før planen blir lagt fram for Hallingtinget

Hallingdal, 20. september 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

### **Vedlegg:**

Utkast til Strategisk Plan Hallingdal

# Strategisk Plan Hallingdal 2021-2024

## Innleiing

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973, først ut i landet. Den første strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert kvart 4. år. I Strategisk Plan 2021-2024 tek me sikte på å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal, men me vil også ta omsyn til partnarskapsavtala med Viken fylkeskommune, regionale planar og nasjonale føringar. I tillegg har FN sine berekraftsmål vore sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

## Bakgrunn

I vedtekten til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram.

Strategisk plan (SP) for Hallingdal 2021-2024, erstattar gjeldande Strategiske plan for Hallingdal 2017-2020 og handlingsprogrammet frå 2019. SP er resultat av ein prosess som har involvert politisk og administrativ leiing i alle kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar, frivillige og Regionrådet.

## Formål med Strategisk plan og handlingsplan

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek stilling til dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning basert på det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2024. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

Til planen er det utarbeidd ein handlingsplan. Denne er meir detaljer på tiltaksnivå, har ein fireårig horisont, men med vekt på dei første par åra.

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering/revisjon av den overordna strategiske delen. Handlingsplanen blir revidert/oppdatert kvart år.

## FNs berekraftsmål


FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla inngår i FNs Agenda 2030 og består av 17 mål for ei berekraftig utvikling, samt ei erklæring om korleis verda skal oppnå denne utviklinga innan 2030.

I strategiske plan for Hallingdal her me veklagt følgjande berekraftsmål




## Folkestalsutvikling, alderssamansetjing, flyttemønster

Folkestalsutviklinga i Hallingdal har dei siste ti åra vore tilnærma status quo. Eit forhold som spelar inn i statistikken er asylmottaka i Hallingdal der personar som hadde fått varig opphold er med i statistikken. Spesielt i 2015 – 2017 var det svært mange på mottak i Hallingdal, og dei fleste mottaka vart lagt ned i 2017-18. Grovt sett er det Hemsedal som har hatt folketalsauke og Nesbyen som har hatt ein folketalsnedgang.



Like viktig eller kanskje viktigare er det å sjå på alderssamansetning og endringar over tid. Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving av folketalet frå 2020 til 2050 syner grovt fortalt:

- 300 færre i aldersgruppa 0 – 19
- 900 færre i aldersgruppa 20 – 64
- 2600 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre



## Sitat frå NOU 2020: 15 Det handler om Norge (Demografiutvalet)


«Befolkningsnedgangen i distriktene har over tid vakt stor politisk bekymring, men blir ikke nødvendigvis den største utfordringen framover. Flyttestrømmen fra distriktenes forventes å bli mindre. Det har sammenheng med at det blir færre unge, en gruppe som erfaringssvis flytter mye, og flere eldre, en gruppe som erfaringssvis flytter lite. Tendensen forsterkes av at de eldre også blir eldre enn før. En motstrøm av tilbakeflyttere og nykommere vil fortsette. Denne motstrømmen har alltid vært der, men har tradisjonelt fått liten oppmerksomhet. I tillegg vil fortsatt innvandring være viktig. Resultatet kan bli at folketallet stabiliseres i mange distriktskommuner, men at aldringen samtidig blir en større utfordring enn før.»


Utvalet har i sitt arbeid lagt til grunn at dei aktuelle utfordringane er knytt til tre forhold:

- Folketalsnedgang,
- Aldring
- Spreidd busetnad

Hallingdal er ein av få distriktsregionar som skårar høgt på bustadattraktivitet. Dette har m.a vore med på å halde folketalet relativt stabilt dei siste åra, slik at regionen klarar seg bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me er ikkje like attraktive når det kjem til arbeidsplassar, næringsliv og sysselsetting. (Sjå figur)


Me har industri der det skjer spennande ting, me har næringer basert på lokale ressursar og me er gode på reiseliv. Dette skal me ta vare på, og utvikle, men me treng fleire føter å stå på. Ei av hovudutfordringane for Hallingdal er eit for einsidig næringsliv. Det fører til at me taper terreng samanlikna med andre regionar i Viken. Me treng derfor fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning og større variasjon





## Deltidsinnbyggjaren

Som ein av dei største reiselivsregionane i landet er deltidsinnbyggjaren ei viktig bruks- og ressursgruppe for Hallingdal. Det har heile tida vore ei klar oppfatning i Hallingdal at dei «anslag» som blir gjort i forhold til gjestedøgn for hyttehallingar og turistar er alt for låge. Hallingdal har over lengre tid nytta teledata som hjelpemiddel i samband med beredskap. Systemet har i tillegg gjeve interessante og nyttige tal å bruke elles for å måle trafikk. I Hallingdal er det gjort målingar kvar dag i ca. 18 mnd. Dette gjev eit unikt grunnlag for å vurdere faktisk tal på personar i kvar kommune og Hallingdal som region. Figuren under illustrerer dette.



Eit grovt anslag ut frå dei grunnlagsdata me har, gjev følgjande oversikt:

Snitt innb. pr. dag, totalt	46 724
Pluss 6% (utan mobil, avvik for SIM kort)	2 803
Fråtrekk innb. Hallingdal	-20 000
Fråtrekk ekstrern arbeidskraft	-1 000
Fråtrekk gjennomgangstrafikk	-1 000
Fråtrekk dagsturisme	-1 000
Gjestedøgn snitt pr. døgn	26 527
Gjestedøgn pr. år	9 682 355

Dette viser at det i gjennomsnitt pr. døgn, er langt fleire deltidsinnbyggjarar i Hallingdal, enn det er fastbuande. Det er her svært stor skilnad i forhold til dei tal som kjem fram ved å nytte tilgjengeleg statistikkgrunnlag.

## Mogelegeheter og konkurransefortrinn

Hallingdal.. :

- er ei merkevare
- er ein bu- og arbeidsregion
- har mindre reduksjon i befolkning og arbeidsplassar enn de fleste andre distriktskommunar
- er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- har attraktive hytteområde og 18000 hyttehallingar som bidreg til mangfold og profilering
- har ei sentral geografisk plassering med kort avstand til både Osloområdet og Vestlandet.
- har gode bu- og oppvekstvilkår
- har attraktive og levande bygder
- har hovudferdselsårer aust-vest
- har eit godt regionalt samarbeid
- har attraktiv natur
- er fjellregionen i Viken

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, mogelegeheter for å differensierte seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglighet til å spesialisere seg rundt næringar og kompetanseområde, der regionen sine spesielle eigenskapar står sentralt. Me har god plass, god tilgang på kraft og er godt eigna for næringar der lokalisering er underordna

## **Verdigrunnlag**

*Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?*

For å nå måla skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre.

**LEIKEN:** Me jobbar på lag, er rause og inkluderande, og me skal tenke nytt når me saman skal utvikle Hallingdal. Me ynskjer å skapa møteplassar som motiverer, inspirerer og gjer arbeidet lystbetont.

**EKTA:** Me er høflege, opne og ærlege. Ekta viser også til det naturlege og autentiske. Me ønskjer å utvikle dei naturgitte fordelane i dalen og levere god kvalitet på alle område.

**FRI:** Hallingdal har god plass og flott natur der ein kan føle seg fri, men det viser også til mangfold og toleranse. Det er plass til alle og det er lov til å vera den ein er.

**FRISK:** Hallingdal skal vera ein god region å bu i og koma på besøk til og ein attraktiv region å arbeide i. Me skal vera livskraftige og vitale i arbeidet for å oppnå dette.

## **Overordna mål**

*Kvar skal Hallingdal vera når planperioden er over*

***Hallingdal er ein attraktiv, framtidsretta og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besökande.***

**Det betyr at me har fleire arbeidsplassar, positiv folketalsutvikling, betre livskvalitet og lågare klimautslepp enn i dag.**

Hallingdal skal vera ein god region å bu og opphalde seg i. For å få til dette må me ha eit variert næringsliv og arbeidsplassar til alle. Ambisjonen er at den totale verdiskapinga skal auke og at me får til dette gjennom innovasjon og nyskaping i eit tett samarbeid mellom styresmakter, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv. Vidare er det eit mål å utvikle eit moderne og livskraftig samfunn der me samstundes tek ta vare på naturen, miljøet og dei naturgitte fordelane me har i Hallingdal. (Smart Village-tankegang) Fordi me er små, er det eit mål at både samfunnsutvikling og utvikling av tenester skjer i tett samarbeid mellom kommunane i dalen, næringsliv, sentrale styresmakter og folk som bur og oppheld seg i dalen.

## Innsatsområde og resultatmål

Kva skal me samarbeide om og kva skal me utvikle for å nå måla?

Innsatsområda våre er næringsrelaterte, men handlar også om andre aspekt som er viktige for at folk skal koma hit, trivast her og bli her. Livskvalitet, infrastruktur, berekraft og samarbeid er viktige område for Hallingdal.

### NÆRINGSLIV

Hallingdal ønsker samarbeid på alle plan for å gi næringsaktørane betre grunnlag for verdiskaping, tilgang til kompetanse og forståing for å gjøre seg nytte av mogleighetene som finst. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid og innovasjon mellom det offentlege og næringslivet. Variasjon og breidde i arbeidsmarknaden er avgjeraende for å vere attraktive.

### KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Hallingdal ønskjer felles satsing på betre infrastruktur på veg og bane for å auke attraktiviteten for næringsutvikling, busetjing og besøkande. Dette gjeld både internt i dalen og inn og ut av dalen. I tillegg er det ei kontinuerleg satsing på å betre den digitale infrastrukturen.

### KLIMA OG MILJØ


Hallingdal skal vera eit berekraftige og moderne samfunn der både økonomiske, sosiale og miljømessige verdiar gjennomsyrar det me gjer. Me vil ta i bruk forsking, ny teknologi og innovasjon for å skapa ein grønare dal, nye og betre tenester, nye samarbeidskonstellasjonar og nye typar forretningsmodellar i eit framtidsretta samfunn.

### ATTRAKTIVITET OG OMDØMME

Det skal vera attraktivt å bu, gå på skule, jobbe og ha fritid i Hallingdal. Her skal det vera trygt å vekse opp, godt og bu, og gjester skal bli tatt godt i mot. Hallingdal skal profilere seg på dette, framheve folk som ressurs og tydeleggjere at me er ein region der ein kan oppleve god livskvalitet.

### TENESTEPRODUKSJON

Auka samarbeid mellom kommunane når det gjeld framtidsretta og gode kommunale tenester for dei som bur og oppheld seg regionen.



## Resultatmål pr. innsatsområde

### NÆRINGSLIV

#### ARBEIDSPLASSAR – INNOVASJON - KOMPETANSEBYGGING

- Vekst i verdiskapinga totalt sett for Hallingdal (lønsamt næringsliv)
- Auke i talet på arbeidsplassar (inkl arbeidsplassar for unge, grønne arbeidsplassar, arbeidsplassar med krav til høgare utdanning, heilårsarbeidsplassar og statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar)
- Betre oppfølging av nyetablerte bedrifter slik at fleire blir i stand til å vekse og utvikle seg
- Fortsatt fokus på utvikling av eksisterande næringsliv
- Alle kommunar har nok tilgjengelege næringsareal
- Innovasjonssatsinga i Hallingdal er vidareført
- Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.
- Tettare samarbeid om næringsarbeid og næringsetablering mellom kommunar, både om arealbruk og lokalisering av næringssverksemder.
- Det er etablert fleire desentraliserte utdanningstilbod innan både fagskule og høgskulenivå
- Skule og næring jobbar tettare saman

### INFRASTRUKTUR

#### JERNBANE – VEG – BREIBAND - KOLLEKTIV satsing

- Det er vedtatt kortare reisetid til og fra Hallingdal (plandelen)
- Ringeriksbanen er påstarta
- Vegpakke Hallingdal er påstarta
- Betre kollektivtilbod og fleire kollektivavgangar
- Fleire bustader og fritidsbustader har fått fibertilknyting (fast og trådlaus)
- Betra vinterregularitet på fjellovergangane
- Det er etablert fleire ladepunkt for el-bil og el-sykkel i Hallingdal

### KLIMA OG MILJØ

#### EIN GRØNARE DAL – KLIMAUTSLEPP - AVFALLSHANDERING

- Dei totale klimautsleppa er redusert med 25% frå referanseåret 2009
- Det er innført sortering av alt avfall
- Mindre gods på veg, meir gods på bane
- Alle destinasjonar er sertifiserte som berekraftige reisemål
- Auke i talet på miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter
- SMART VILLAGE tiltak er vurdert
- Hallingdal er etablert som ein «grøn region» m.a gjennom GRØN VEKST HALLINGDAL
- Hallingdal har eit betre og meir formalisert klimasamarbeid

## **ATTRAKTIVITET OG OMDØMME**

### **LIVSKVALITET – STADSUTVIKLING - REKRUTTERING - PROFILERING**

- Hyttehallingar og besøkande oppheld seg lenger i Hallingdal.
- Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder har stige med 1%.
- Fleire flyttar til og blir buande, og færre flytter frå.
- Hallingdal profilerer seg alltid som EIN bu og arbeidsregion i og utanfor regionen.
- Hallingdal profilerer seg betre mot eigne innbyggjarar.
- Målt livskvalitet har betra seg
- Innbyggjarar og hyttehallingar blir involvert i stads- og samfunnsutvikling.
- Hallingdal nyttar kunst og kultur som ei samfunnsbyggjande kraft og nyttar dette i utviklinga av regionens identitet og regionens kultur og opplevelsesnæring.
- Hallingdal har styrka det regionale samarbeidet i utviklinga av tilbod innan kultur og idrett.

## **TENESTEUTVIKLING**

### **FAGMILJØ – SAMHANDLING – DIGITALISERING - KVALITET**

- Hallingdal har tatt i bruk ein felles digitaliseringsstrategi.
- Innbyggjarane i Hallingdal kommuniserer digitalt med kommunane gjennom heile livsløpet.
- Hallingdal samarbeider hensiktsmessig om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.» Hallingdal har vurdert kva planar som kan vera felles eller som kan samordnast.
- Kommunane ser på frivillige som ein ressurs i større grad enn før.
- Me har vurdert felles vikarpool i Hallingdal

## Handlingsprogram

NÆRINGSLIV					
Næringsutvikling og arbeidsplassar	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Utvikle sykkelsatsinga i regionen for å skape fleire heilårs arbeidsplassar	Årleg	Tråkk`n Roll	Kommune, Næringa, RR	Krev finansiering	
Utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringsareal, næringstomter, ressurspersonar og støtteordningar. Vurdere etablering av investeringssfond	2022	Næringsforum	RR, HNH kommune		
Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen	Årleg	RR			
Arbeide for eit digitalt rettleiingssenter i Hallingdal	2022	RR	Viken		
Iverksette «prosjekt Hyttehallingen»	2022	RR	Kommune og hyttefolk	Søke midlar frå Viken	
Starte prosjekt «Berekraftig vekst og utvikling for nystartarar i næringslivet»	2022	Etablerersenteret	HNH	Søke midlar frå Viken	
Utarbeide ein <u>regional innkjøpsstrategi</u> for å tilpasse utlysingar slik at lokale aktørar kan delta og på den måten bidra til å ivareta, styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv.	2022	Kommune			
Utgreie eit regionalt innkjøpskontor med 2-3 tilsette. Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging	2022	Kommune		Krev kom. finansiering	
Arrangere yrkesmesse i Hallingdal	2022	RR	HNH	Søke midlar frå Viken	
Arbeide for å sikre arbeidsplassane på NORTURA	2021	RR	RR		
Gjennomføre Verdiskaping- og ringverknadsanalyse for Hallingdal	2022	Destinasjons-selskapa		Berekraftig reisemål	

	Gjennomføre omstillingssprogrammet «Sats på Hallingdal»: Utvikle eksisterande og nye næringer, skapa nye arbeidsplassar og ein meir variert næringsstruktur	2021-2024	RR	Kommune, næringsliv	Fått midlar frå Viken + eigeninnsats
Innovasjon	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Etablere eit senter for innovasjon i Hallingdal	2022	HNH, Torpomoen	RR, HNH kommune	Søkt midlar frå Viken	
Innføre ein innovasjonskultur i kommunane gjennom deltaking i heilskapleg innovasjonsprogram	Årleg	Kommunane			
Kompetanseutvikling	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Arbeide for fleire og utvida desentraliserte studietilbod i Hallingdal (fagskule, høgskule og universitet)	Årleg	RR, Kompetanserådet	Kommune, Næringsa, FIV		
Arbeide meir oppsøkande mot studentar som kjem frå, eller vil til Hallingdal. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kople studentar og bedrifter som tilbyr arbeidsplassar.</li> <li>• Synleggjera verdiskapingsprogram, internship-ordningar og karrieremoglegheiter</li> </ul>	2022			?	
Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod.	Årleg	Kompetanse utvalg	RR, Viken Kommune	Partnarskap Med Viken	
Vidareføre Ungt entreprenørskap Hallingdal	Årleg	UE	RR, Viken	Finansiering 300 000	
Vurdere vidareføring av «Toppidrettsregion Hallingdal»	2023			Krev finansiering	
Sikre tilstrekkeleg tal på lærplingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærplingplassar pr. 1000 innbyggjar	2022	Kommune Næringsliv			

INFRASTRUKTUR					
Jernbane		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Arbeide aktivt for midlar til Ringeriksbanen på statsbudsjettet 2022	okt 2021	RR	FNB	
	Sikre tilgjengeleg transport av syklar og aktivitetsbasert utstyr på tog	2022	Berekraftig reisemål?	VY	
	Utarbeide ein påverknadsstrategi for stoppestader (intercity)	2022	RR		
Veg		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Etablere Hallingdalsløysinga: Arbeide for utvikling av Rv7 og Rv52 i tråd med NTP 2018 – 2029 Arbeide for betra vinterregularitet på fjellovergangane	2021-2022	RR	Kommunar, næringsliv	
	Få på plass fleire ladepunkt for el-sykkel og el-bil	2022	RR	Kommune RR, HKN?	Hafslund/ ECO, defa
Breiband		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Vidare breibandutbygging i samarbeid med Hallingdal Kraftnett	2022	RR	Kommune, VIKEN, HKN	
	Arbeide for utbygging av 5G nettet	2022	IKT Hallingdal		
Kollektiv og trafikktryggleik		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Arbeide for betra kollektivtransport – herunder: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Betre dimensjonering av tilbodet –</li> <li>• korrespondanse og samkjøring mellom buss og tog</li> <li>• Fleire avgangar med kollektivtransport i samband med helger og høgtider</li> </ul>	2021	VY	VIKEN kommune	Partnarskaps avtale Viken
	Sjå på moglege lokale transportordningar for gjester som reiser kollektivt (delingstenester)		RR		

KLIMA OG MILJØ					
Ein grønare dal (tydelegare organisering)		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Utarbeide felles klimaplan i Hallingdal	2023	Klimanettverk	commune	
	Utarbeide felles retningsliner for arealbruk og for å ivareta sårbar natur og fremje naturmangfald	2023	Klimanettverk	commune	
	Innføre klimaråd i kvar kommune	2022	Kommune		
	Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal	2022	RR, kommune	VIKEN kommune	Delfinansiert Frå Viken
	Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kvar kommune	2022	kommune		Gol er pilot
	Utarbeide felles retningsliner for klimavennlige innkjøp	2023	kommune	Viken	
Reduserte klimautslepp		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Delta i klima Viken	2022	commune		
	Vidareføre Grøn Vekst Hallingdal	2022	RR	Eige prosjekt	Krev finansiering
	Gjennomføre tiltak i «Klimakur 2030»	2023	kommune		
	Utarbeide «grøne reguleringsplanar» i kommunane	2024	kommune		
Avfallshåndtering		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Etablere sortering på alt avfall	2023	RR, HR	Kommune, Næringa, RR	
	Påverke bøndene til å sortere og levere all rundballeplast	2022	Kommune		

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME					
Livskvalitet		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
	Innføre bu og blilyst-prosjekt i alle kommunar. Dette handlar om stadsutvikling, nytiflytting, integrering, trivsel og involvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osb.	2022	commune	Frivillige, næringsliv	Felles oppstart haust 2021

	Oppfølging av funn i Livskvalitetsundersøkinga	2021	RR/ kommune	Kommune, FHI	
	Vurdere innføring av regionalt friluftsråd	2022	Kommune RR		Krev kommunal finansiering
<b>Rekruttering</b>		<b>Tidsramme</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>	<b>Merknad</b>
	Vidareutvikle jobb i Hallingdal	2021	RR		
	Arrangere eit Hallingtreff pr år i dei store byane	Årleg	RR		
<b>Profilering</b>		<b>Tidsramme</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>	<b>Merknad</b>
	Etablere ein overordna informasjons/profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no, Fritid Hallingdal, Kva skjer i Hallingdal, destinasjonsselskapa, Kommunane, regionrådet, ulike bookingsider, jobb i hallingdal)	2021 - 2022	RR	RR Kommune Nærings	Prosjekt Kostnad 250 000
	Vurdere ein stilling øyremerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier	2022	RR	RR, kommune nærings	Kostnad 1.mill. pr. år
	Arrangere vertskapskurs som inkluderer kunnskap om bærekraftig reiselivsutvikling annankvart år	2022	destinasjon	kommune	Berekraftig reiseliv
	Styrke felles markedsføring av Hallingdal som heilårsdestinasjon	2022	Destinasjons selskapa	kommune	

<b>TENESTEUTVIKLING</b>					
<b>Fagmiljø</b>		<b>Tidsramme</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>	<b>Merknad</b>
	Kartlegge/vurdere og prioriter kva fagmiljø og kva tenester som kan profitere på å bli større og samarbeide tettare	2021-22	Rådmanns- utvalget		Sak til Regionråd i mai 2022
	Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal	2021-22	Rådmanns- utvalget		Sak til Regionråd i des 2022

	Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester, beredskap og livskvalitet	2021	Rådmannsutvalget		
	Innarbeide velferdsteknologiprosjektet i kommunane, samt få på plass ein regional ressurs	2022	Kommunane		
	Gje dei tverrkommunale fagmiljøa som sjølv ønskjer meir formalisert og tettare samarbeid, mandat til å konkretiser korleis dei vil gjera det. Dette gjeld: Kulturområdet Kulturskuleområdet Planforum Næringsforum	Innan november 2021	Rådmannsutvalget		
<b>Digitalisering</b>		<b>Tidsramme</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>	<b>Merknad</b>
	Innføre felles digitaliseringsstrategi i Hallingdal	2021	IKT	commune	
	Restrukturere organisering og leiing av digitale tenester og løysingar	2021	IKT	commune	
	Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane	2022	IKT	commune	
	Delta i DigiViken	2021	IKT	commune	
	Harmonisering av PLO systemet i retning AKSON	2022	IKT	commune	